

## **Campusmøte HVL/Førde torsdag 24. okt 2024 kl 1230 – 1430**

Stad: Anga

Tilstades: Sondre Langedal (student), Emma Hæve (student), Monica Wammen Nortvedt (leiar), Gizem Ates Venås (FTMS), Per Kristian Engdal (FTMS), Irene Valaker (FSH), Øyvind Midtbø Berge (nestleiar – nett), John Tveit var med på sakene 11/24 og 12/24 (observatør - nett) og Hans Jakob Reite (sekr)

Gjest: Runar Hovland (observatør – innleiar sak 13/24)

Forfall: Geir Kåre Resaland - prorektor, Anny Aasprang (FHS) og Sigurd Sandvoll (FLKI)

Sakliste:

### **11/24: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Endeleg godkjenning av tidlegare godkjendte referat frå april møtet.**

Innkalling og dagsorden vart godkjent. Referata vart godkjende på sirkulasjon etter kvart møte. Desse vart deretter publiserte på Teams og på Vestibyllen, slik at dei er tilgjengelege for alle tilsette.

#### **Oppfølgingspunkt:**

**Sekretær ryddar i Teams og legg ut referata på Vestibyllen: «Campusutvikling – Høgskulen på Vestlandet».**

**12/24: Vestlandslegen til Førde.** Før møtet vart det arrangert ein informasjonslunsj der prosjektleiar Simon Dankel frå UiB orienterte om Vestlandslegen og planar for Førde.

- Presentasjonen og diskusjonen var vellukka.
- Vi fekk svar på spørsmål og moglegheit til å profilere HVL Førde.
- Vi må knyte denne satsinga mot rekruttering og bygge opp fagmiljø innan helse og teknologi. AKS-programmet er sentralt her.
- Vi drøfta lokale for studentar. Omforming av Angabygget – i regi av Helse Førde – kan verte løysinga.
- Tverrprofesjonelt samarbeid på SIM-arena og labar er ønskjeleg, då dette vil kunne auke kvaliteten på undervisninga.
- Vi vart informerte om utviklinga så snart som mogleg.

#### **Oppfølgingspunkt:**

**Campusråd til TL: Campusmøtet ønskjer at HVL som institusjon vart representert i referansegruppa for Vestlandslegen i Førde.**

### **13/24: Forsknings samarbeid på tvers av fakulteta ved HVL/Førde.** v/ Runar Hovland.

- Yngve Lamo er prosjektleiar for strategisk universitetsprogram i digital helse.
- Vi må følge opp samarbeidet på tvers av fakulteta.
- Stramme arbeidsplanar er ei hindring i dag. Vi treng struktur og midlar som integrerer dette tverrfaglege feltet i arbeidsplanane våre. Leiinga må legge til rette for rammer, fasilitetar og struktur for tverrfagleg arbeid.
- Forskarane har jamlege møtepunkt.
- Vi må sikre at kompetanse vert halde på HVL.
- Synkronisering av denne satsinga må styrkast.
- Satsinga kan også brukast i samband med rekruttering.
- Bacheloroppgåver og felles innovasjonsdagar er viktige for å utvikle idear.
- Utlysing av stipendiatstillingar med fokus på tverrsektorielt arbeid er naudsynt.
- Bygge felles nettverk for ide-utvikling i samband med struktur og design innan samskaping i forskingsprosessar.
- Arrangere webinar og digitale møte for å nå ut til eit breiare publikum i regionen.

#### **Oppfølgingspunkt:**

**Campus Førde arrangerer fysisk lunsjverkstad i samband med Campusmøtet HVL/Førde i april -25. Tema: Struktur på samskappingsprosessar innan forskning ved HVL/Førde - kva støttestrukturar og muligheiter finst for tilsette som ønsker å utvikle ideer og innovasjon.**

### **14/24: Mandat for Campusmøtet ved HVL.** Mandatet vart sendt ut før møtet.

Kort oppsummert: Vi arbeider etter mandatet med vekt på fagleg samarbeid på tvers.

### **15/24: Representasjon frå HVL på aktuelle arenaer i Sogn og Fjordane.**

For å sikre rett nivå på representasjon ønsker Campusmøtet ei oversikt over sentrale arrangement i regionen:

- E-helsekonferanse
- Kraft i Vest - Sandane
- Heilekonferansen - næring
- Temposeminaret - næringskonferanse
- Elevate – rekrutteringsseminar
- Nito-konferansen i Loen

- Samhandlingskonferansen innan helse
- Helseinnovasjonskonferansen
- Rekrutteringskonferansen
- IT-forum-konferansen

**Oppfølgingspunkt:**

**Campusråd til Geir Kåre Resaland: Campusmøtet ønsker at samfunnskontakten lagar eit årshjul med desse samlingsarenaene, og koordinerer påmelding for å sikre rett representasjon frå HVL.**

**16/24: Eventuelt -** Campusmøta våren 2025. Førebelse skisser:

- Vi arrangerer fysisk møte med lunsjverkstad i februar om emnet «Internasjonal satsing, rekruttering og regional utvikling». Stikkord: Norec, Framtidsfylket, ARTEMIS (europeisk universitetsallianse).
- Vi arrangerer fysisk møte med lunsjverkstad i april om tema: Struktur på samskapingsprosessar innan forskning ved HVL/Førde. (jamfør sak 13/24)

**Oppfølgingspunkt:**

**Hans Jakob innkallar til møta i februar og april, og i samarbeid med Monica og Øyvind planlegg han lunsjverkstadane. (Merknad i etterkant: Datoane for desse møta er bestemt til tysdag 4. februar og tysdag 8. april.)**